



ÅL KOMMUNE

Dato: 10.10.2023

Planføresegner- Detaljregulering turveg Breie- Kleivi, planID 2019001

1 Planens føremål

Føremålet med planen er å legge til rette for ein ny turstig langs Strandafjorden for å differensiere trafikken mellom køyrande og myke trafikantar på strekninga mellom Breie i vest og Kleivi. Trafikktryggleikstiltaket legg også til rette for ei planskilt kryssing med gangbru over Rv. 7 i Tellehaug, Breie.

2 Felles føresegns i heile planområdet

Det skal ikkje utførast nokon form for graving i vegfyllingane til riksveg 7, slik at det kun er tillate med fylling inn mot vegfyllingane.

Dersom det viser seg å vere ustabile masser i grunnen, skal arbeidet straks stansast og nødnytte tiltak skal gjennomførast.

I så stor grad det er mogleg skal ein unngå utfyllingar i vassdraget.

Kantvegetasjonen skal bli skåna så langt det let seg gjere og gi ein god overgangssone mellom gangvegen og vassdraget. Kantvegetasjonen skal etablerast/reeterast på strekninga.

Terrengforandringar i form av fyllingar, skjeringar og sår i samband med bygge- og anleggsverksemda skal bli dekt med lokale masser.

Dersom det under anleggsarbeidet vert treft på automatisk freda kulturminne, eksempelvis i form av helleristningar, brent leire, keramikk, flint, groper med trekol og/eller brend stein, slagg eller jernframstilling osb., skal arbeidet straks stoppast og fylkeskommunen varslast, jf. lov om kulturminne av 9.juni 1978 nr. 50, (kulturminnelova) § 8.

3 Føresegns til arealformål

3.1 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.1.1 Køyreveg

Areal avsett til køyreveg og anna veggrunn omfattar del av riksveg 7.

Frihøgda over riksveg 7 under den regulerte gangbrua skal vere 6,2 m.

Det skal etablerast eit bomsystem med saksegrind eller tilsvarande ved Breievegen, for å hindre at køyretøy ved ein feil eller uhell kører inn på bru.

Avkøyrsle frå rv. 7 på strekninga skal vere stengt med bom/grind.



Turstigen er eit viktig tiltak for trafikktryggleiken på strekninga.

3.2 Grønstruktur (§ 12-5 nr. 3)

3.2.1 Turstig

Areal avsett til turstig omfattar stig frå Breie til Kleivi. Turstigen skal vere tilgjengeleg for allmenta.

Turstigen skal ha ei bredde på minimum 1,8 meter. Reguleringsbredder fremgår av plankartet. Dekket skal vere grus, og turvegen skal ha skulder på kvar side på ca. 30 cm. tilsådd med gras.

Justeringer av traséen blir tillate ved opparbeiding for best mogleg terrenghilpassing og omsyntaking av eksisterande vegetasjon. Turstigen skal ikkje ligge nærmare riksveg 7 enn 7 meter.

Prinsippa om universell utforming skal leggjast til grunn ved opparbeiding av turstigen.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål (§ 12-5 nr. 5)

3.3.1 Friluftsføremål

Areal avsett til friluftsføremål omfattar allmenta si tilgjengelelse til vassdraget med område for rekreasjon langs turstigen.

Innanfor området er det tillate å oppføre enkle installasjonar som fremmer bruken av området til rekreasjon. Det er ikkje tillate å oppføre installasjonar som hindrar allmenta si tilgang.

3.3.2 Dyrka mark

Eit areal på 0,5 daa overflatedyrka jord vil bli omdisponert, og som avbøtande tiltak vil dyrkjorda bli flytta og gjenbrukt i nærområdet.

4.0 Rekkefølgjeføresegn (§12-7 nr.10)

Det skal etablerast ei trafikksikker kryssing med gangbru over riksveg 7 før ein kan opne turvegen.

Det skal etablerast vegrekkerwerk på heile strekninga der gangvegen går parallelt med riksveg 7.

Før tiltaket kan bli etablert vil kommunen søke om løyve til fysiske tiltak i vassdrag jf. forskrift om fysiske tiltak i vassdrag FOR-2004-11-15-1468 og jf. forureiningslova §11.

Før tiltaket kan bli etablert vil kommunen søke om løyve til hogst i kantvegetasjon jf. vassressurslova § 11 første ledd.

